



Gol kommune

Arkivsak-dok. 18/00456-10  
Saksbehandler Svein Eide

Saksgang  
Utval for natur og næring  
Utval for kultur og levekår  
Formannskapet /Kommuneplanutvalet  
Kommunestyret

## KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2018-2030 - SLUTTBEHANDLING

**Saka vert avgjort av:**  
Kommunestyret

**Vedlegg:**

1. Dokument nr 3 og 7-15

**Dokument i saka:**

1. Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, vedteken i sak K37/17 den 13.06.17
2. Kommuneplanutvalet sak F12/18 den 08.03.18- høyring og offentleg ettersyn
3. Kommuneplan for Gol- samfunnsdelen 2018-2030, høyringsutgave
4. Brev frå Gol kommune til høyringspartar datert 26.02.18 (ekspedert 08.03.18))
5. Referat frå Regionalt planforum den 07.03.18
6. Kunngjering om høyring og offentleg ettersyn i Hallingdølen – annonse 10.03.18
7. Innspel frå Asle Bråtalen datert 13.04.18
8. Innspel frå Gol skysstasjon datert 24.04.18
9. Innspel frå Skagahøgdi skisenter datert 26.04.18
10. Uttale frå Fylkesmannen i Buskerud datert 24.04.18
11. Innspel frå Golsfjellet utmarkslag BA, datert 25.04.18
12. Innspel frå Visit Golsfjellet SA, datert 26.04.18
13. Kommentar frå Gol barnehage datert 26.04.18
14. Innspel frå Visit Gol AS datert 01.05.18
15. Uttale frå Buskerud fylkeskommune (saksframlegg frå fylkesrådmannen), e-post 02.05.18

**Saksopplysningar:**

Planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyre i sak K37/17 den 13.06.17. Varsel om planstart vart kunngjort juli-2017. Planutvalet behandla høyringsutkastet i sak F12/18 den 08.03.18 og la planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 26.04.18. Til saman 26 høyringsinstansar har fått den til uttale.

Planforslaget er varsla og kunngjort på kommunens nettsider [www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no), lokalavisa og kommunens facebook. Det er vidare halde ei rekke orienteringar om planforslaget til partar i høyringsperioden.

Det er kome inn totalt 9 innspel/høyringsuttaler til planforslaget. Desse er lista opp og kommentert under «vurdering» seinare i saksframlegget.

Den nye kommuneplanen erstattar Gol kommune sin samfunnsdel frå 2009. Planforslaget tek utgangspunkt i planprogram og lokale- og nasjonale føringar for samfunnsutvikling. Høsten 2017 og vinteren 17/18 er det halde politiske og administrative arbeidsøker for å arbeide med visjon, utfordringar, mål og strategiar. Planutvalet og administrativt planforum er informert undervegs i prosessen. Regionalt planforum (statlige og fylkeskommunale instansar) drøfta planen den 7. mars-18.

Forslag til planforslag er bygd opp om med utgangspunkt Gol kommune sin sentrale plassering mellom aust- og vestlandet. Fokuset er dei lange linene og korleis me ynskjer at samfunnet skal sjå ut i 2030.

Det er valt ut fire hovudutfordringar:

- Folketalsutvikling
- Folkehelse
- Miljø, klima og samfunnstryggleik
- Tettstadutvikling og samferdsel

Videre er det peika ut 3 satsingsområder fram mot 2030:

- Gol sin plassering regionalt og nasjonalt
- Næring og arbeidsplassar
- Det gode liv i Gol

«Det gode liv i Gol» omfattar dei mjuke verdiane, som kultur, oppvekst og helse og omsorg. Kwart satsingsområde har mål med tilhøyrande strategiar. Tema som arealbruk, samfunnstryggleik, miljø og klima vil i ulik grad ha innverknad på satsingsområda.

Gol kommune sin samfunnsdel skal vere styrande og gje ein retning å gå etter.

Plan og bygningslova seier dette om vedtak av kommuneplan:

#### **§ 11–15 Vedtak av kommuneplan**

*Kommunestyret selv vedtar kommuneplanen. ....*

*Planen skal kunngjøres og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Et eksemplar av planen skal sendes til departementet, fylkesmannen, regional planmyndighet og berørte statlige myndigheter.*

*Kommunestyrets vedtak om kommuneplan kan ikke påklages.*

Kommuneplanens samfunnsdel er ikkje juridisk bindande slik kommuneplanens arealdel er.

#### **Forhold til overordna plan:**

Gol kommunestyre vedtok planstrategien for 2016-2019 den 13.12.2016 sak 108/16. Her vart det bestemt at kommuneplanens samfunnsdel skulle rullerast i valperioden.

**Miljøkonsekvenser:**

Det blir vist til plandokumentet og vurdering av høyringsuttaler.

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**

Det blir vist til plandokumentet og vurdering av høyringsuttaler.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kommunestyret har i budsjett 2017 og 2018 vedteke rammer for kommuneplanarbeidet, inklusivt midlar til kommuneplanens samfunnsdel. Kommuneplanens mål og strategiar legg føringar for tiltak som må vurderast og implementering i økonomi- og handlingsprogram.

**Vurdering:**

Tabellen viser oversikt over alle høyringsuttaler/innspele med kommentarar og vurdering.

Høyringsuttale/innspele	Kommentar/vurdering
<p><b>Asle Bråtalen</b>            Det bør vurderast om det utanom Gol tettstad skal opnast for regulering av bustadtomter som ledd i fortetting av eksisterande bustader og der ein legg til rette for felles infrastruktur.</p> <p>Gol må akseptere at framtidig riksvegtrasear blir lagt utanom sentrum. Paradokset er då at Gol ikkje er knutepunkt på same måte lenger. Gol bør konsentrere seg om at nye vegar ikkje tek av areal eigna til handel og næring.</p> <p>Synspunkt på etablering av arbeidsplassar og lokalisering av statlige arbeidsplassar og arbeidsplassar for dei med høgare utdanning.</p> <p>Stiller seg litt skeptisk til målet om utvikling av minst ein større attraksjon/fyrtårn i perioden. Meiner ein heller bør vurdere mål om at kommunen skal ta alle nyetableringar og idear på alvor, lytte og veilede.</p> <p>Stiller spørsmål med kva som meinast med «teknisk infrastruktur skal brukast som bidrag til etablering og vekst»</p> <p>Stiller spørsmål ved dagens skilnad på detaljhandel og plasskrevjande handel og kva netthandelen vil bety for Gol i framtida. Meiner det er areal nok i sentrum også til dei store kjedane og at det er viktig med samarbeid mellom aktørane i sentrum og Gol kommune i vidare sentrumsutvikling.</p>	<p>Det er i dagens regelverk anledning til å fortette med inntil 3 bustadeiningar utan krav til reguleringsplan. Det er dette som er lagt til grunn i den nye samfunnsdelen og som legg føringar for kommuneplanens arealdel.</p> <p>Det er ganske sikkert at nye stamvegtrasear blir lagt utanom Gol sentrum. Kommunen må likevel ha som mål at løysinga blir så god som mulig også for Gol som lokalsamfunn.</p> <p>Ingen kommentar til dette utover det som er skrive i planforslaget. Næring og arbeidsplassar er ei av hovudsatsingsområda i planen.</p> <p>Målet om minst eit fyrtårn/attraksjon er naturlegvis ikkje noko som skal hindre ulike initiativ og idear til nyetablering og utvikling. Dette er også forhold som bør drøftast i revideringa av kommunens næringsplan.</p> <p>Her meiner ein tilrettelegging for busetjing/næringsetableringar med teknisk infrastruktur som til dømes veg, vann, avløp, breibandtilgang osv.</p> <p>Samfunnsdelen omhandlar dette i fleire strategiar. Detaljhandel skal skje i definert sentrumsområde og plasskrevjande handel i randsona. Trenden er at dei store handelsaktørane krev så store areal at dei trulig ikkje vil kunne etablere seg i Gol sentrum.</p>

<p>Stiller spørsmål med samanlikninga av Golsfjellet og Skarahøgdi- satsingsområde for reiseliv med tett hyttebygging osv. Stiller spørsmål om kommunen har vedtatt at det ikkje skal regulerast område for reiseliv i andre deler av Skaraåsen.</p>	<p>I dagens kommuneplan (arealdel) er det satt at utbyggingsområde for fritidsbustader og fritids- og turistformål definert som Skagahøgdi. Dette tilsvarer det som i dag blir definert som Skarahøgdi. Det er ikkje definert utbyggings- område utover dette i denne delen av Gol i dagens planverk.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Det blir vist til kommentarane og ein ser ikkje grunn til å endre innhaldet i samfunnsdelen som følgje av uttala. Uttala er i stor grad synspunkt og innspel som kan takast med vidare i tiltaksprosessane for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar.</p>
<p><b>Gol skystasjon v/dagleg leder</b> Meiner den såkalla «Vonheimlina» fortsatt er ei løysing som bør drøftast i eit samarbeid mellom kommune, STV og E-CO vannkraft. Denne traseen vil ivarta Gol sentrum på ein god måte.</p> <p>Gol skystasjon ligg i sentrum og har såleis ei optimal plassering, men det er behov for utvikling til dagens behov (utforming) og nye kjøremønster. Det blir vist til «kollektivhåndboka» som skisserer ansvar og finansiering av kollektivknutepunkt.</p> <p>Har synspunkt på detaljhandel og plasskrevjande handel og at ein bør vurdere å innlemme Storøyne/Vikojordet som del av sentrumsområde.</p> <p><u>Merknad:</u> Øystein Falmår som privatperson meiner at strategien «plasskrevjande handel skal leggest i randsona til Gol sentrum» vil legge begrensningar i etableringar.</p>	<p>«Vonheimlina» vil ligge inne som alternativ trase' i kommunedelplan for Gol tettstad. Samarbeidsløysingar er naturleg å vurdere som del av prosjektet.</p> <p>Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokument og strategien er at Gol skal styrkast som kollektiv- og samferdsel/ transportknutepunkt. Gol skystasjon er ein viktig del av denne strategien.</p> <p>Samfunnsplanen har skissert at «detaljhandel skal skje innanfor eit definert sentrumsområde». Dette er eit tema som legg føringar for kommuneplanens arealdel/kommunedelplan for Gol tettstad.</p> <p>Det blir vist til kommentar over.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Det blir vist til kommentarane og ein ser ikkje grunn til å endre innhaldet i samfunnsdelen som følgje av uttala. Uttala er i stor grad synspunkt og innspel som kan takast med vidare i tiltaksprosessane for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar.</p>
<p><b>Skagahøgdi skisenter v/Anniken Skagefoss</b> Set pris på at Skarahøgdi er representert som eit satsingsområde i planen, men at det blir nytta «Skagahøgdi» som det framtidige og rette namnet på området.</p>	<p>Det pågår ei namnesak i området. Inntil den er avklara vil ein rå til at ein nyttar namnet «Skagahøgdi» slik det er skrive i kommuneplanens arealdel. Det viktige er at området ein her snakkar om er arealet som er</p>

<p>Har forslag om at målet «Gol skal vere <b>ein av dei største turistdestinasjonane</b> i landet» blir endra til «Gol skal vere en <b>av dei større turistdestinasjonane</b> i landet»</p> <p>For å nå måla må kommunen vere meir aktiv og tydeleg enn i dag, tørre å ta upopulære avgjersler og stå i dei for å nå visjonen i 2030.</p> <p>Meiner de er viktig at kommunen er med å fremjar synet på Gol som eit utgangspunkt for opplevingar i fjellheimen mellom aust og vest, dvs. meir enn eit vegkryss mellom landsdelane. Meiner kommunens plassering er eit stort potensial og må utnyttast langt meir enn i dag, tørre å ta posisjonen som sentrum i regionen. Forslag til visjon for Gol: «Gol- opplevingar mellom aust og vest»</p>	<p>regulert til utbyggingsområde for fritidsbustad og fritids- og turistformål i kommuneplanens arealdel.</p> <p>Dette er eit spørsmål om kor ambisiøse måla våre skal vere. Gol er alt i dag ein større destinasjon med tanke på gjestedøgn.</p> <p>Dette er innspel som ein kan ta med seg vidare arbeid med å nå måla i samfunnsdelen. Ingen kommentar utover at dette også er eit naturleg tema i revideringa av næringsplanen for Gol.</p> <p>I samfunnsdelen er det fleire strategiar som bygger opp om Gol som vekstsenter og knutepunkt i regionen og mellom landsdelane. Forslag til visjon blir teke med som eit alternativ vidare i saka.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Inntil namnesak er avklara vil ein i samfunnsdelen nytte «Skagahøgdi» på området regulert til fritids- og turistformål i kommuneplanens arealdel.</p> <p>Forslag til visjon blir teke med som eit av alternativa.</p>
<p><b>Fylkesmannen i Buskerud</b> Fylkesmannen meiner forslaget har mange gode strategiar som støtter opp om nasjonale føringar innanfor ulike sektorar. Det blir vist til planprogrammet og fylgjande kommentarar/ synspunkt til høyringsdokumentet:</p> <p><u>Klima, areal og transport</u> Samde i strategiane om å styre utbygginga til Gol tettstad, at detaljhandelen skal skje innanfor sentrumsområde og at ein har fastsatt mål om å redusere klimagassane med 40% innan 2030.</p> <p><u>Naturmangfald, landskap og friluftsliv</u> Positive til strategiane om bærekraftig og konsentrert hyttebygging, auka tilgang til Hallingdalselva og Hemsil og gangvegbindingar mellom ulike områder osv. Ein saknar derimot føringar for å ivareta viktig naturmangfald, landskap og områder for friluftsliv.</p>	<p>Ingen kommentar utover at strategiane også støttar opp om nasjonale føringar.</p> <p>Naturmangfald, landskap og friluftsliv er eit vidt tema og er svært viktig i drøftingane om bevaring av landskap og urørt areal. Ein foreslår ein ny strategi under kap. 10.1 som lyder: «<i>Samanhengande og urørt landskap med viktig naturmangfald og friluftstinteresser skal skjermast mot utbygging</i>».</p>

### Klimatilpassing, vann og vassdrag

Ber kommunen vurdere problematikken rundt overvannshandtering i lys av klimaendringane og vurderingar kring vann og avløpsutbygging i hytteområder og spredt busetnad samt utslepp frå landbruk. Ber om at samfunnsdelen blir supplert med mål/stategiar i tråd med regionale og nasjonale føringar.

### Landbruk

Det blir vist til nasjonal jordvernstrategi frå 2015, som set krav til innstramming i omdisponering av dyrka mark til andre formål. Ein rår til at kommunen gjennom sin arealplanlegging fastset langsiktig avgrensning for tettstadens arealbehov og utstrekning med høg arealutnytting i sentrumsområde samt tilhøyrande føresegner/rekkjefølgjekrav for når dyrka areal eventuelt kan omdisponerast.

### Folkehelse og levekår

Det blir vist til ulike informasjonskjelder for folkehelse og helsetilstand i kommunane. Det blir peikt på kommunens rolle for å legge til rette for bustader til alle, bustadsosial arbeid, og fylkesmannen ber om at samfunnsplanen støttar opp om dette arbeidet.

### Barn og unge

Fylkesmannen synes det er mange gode strategiar om kultur- idretts- og fritidstilbod sosiale møteplassar osv. i planen. Stiller spørsmål om utfordringane i Gol og om det er arealbehov eller andre tiltak som må til for å nå måla på dette området.

### Samfunnstryggleik

Fylkesmannen ser helst at kommuneplanens samfunnsdel har eit eige punkt om samfunnstryggleik og beredskap. Dei ser positivt på at Gol kommune skal ha fokus på samfunnstryggleik og klimatilpassing i alle planprosessar, men kunne gjerne tenkt seg noko meir om utfordringar som bør fokuserast meir på framover.

Dei fleste tema fylkesmannen tek opp er omfatta av Regional plan for vannregion Vestviken, som Gol er ein del av. Dette dekkjer det meste innan ureining til vassdrag. Ein foreslår at kap. 10.1 blir tilføya ein strategi som lyder: «Følgje opp *Regional plan for vannregion Vestviken*».

Disponering av dyrka og dyrkbar mark er eit sentralt tema i arealbruken. I arbeidet med kommunedelplan for Gol tettstad (arealdel) er det lagt til grunn meir konsentrert utbygging og høgare utnyttingsgrad for tettstadsområdet. Dette reduserer behovet for å ta i bruk dyrka mark i randsona til Gol tettstad. Ein ser difor ikkje behov for å fastlegge ei avgrensing i vekstområde mot dyrka mark i kommuneplanens arealdel.

Folkehelse er valt som ein av hovudutfordringane i samfunnsdelen og har relativ stor merksemd i planen. Fleire strategiar støttar opp om dette arbeidet. For bustadsosialt arbeid viser vi mellom anna til strategien «skape eit godt og variert butilbod tilpassa aldersgrupper og livssituasjonar».

Dette er eit arbeid som er kome godt i gang i Gol. Det er planar om ulike møteplassar og aktivitetar mellom anna på Hallingmo. Eit anna viktig tema er å oppretthalde og vidareutvikle kommunens sti- og løypenett.

Samfunnstryggleik er saman med miljø og klima valt som ein av hovudutfordringane i samfunnsdelen og har relativ stor merksemd i planen. Fleire strategiar støttar opp om dette arbeidet. Utfordringane på samfunnstryggleik er gjort greie for i kommunens ROS-analyse 2017. Foreslår at Kap. 10.3, nemde strategi blir endra til: *Samfunnstryggleik og klimatilpassing skal definerast i ROS-analyser og ha fokus i alle planprosessar*

### **Oppsummering:**

	<p>Kap. 10.1 blir tilføya ein ny strategi som lyder: «Samanhengande og urørt landskap med viktig naturmangfald og friluftsiinteresser skal skjermast mot utbygging».</p> <p>Kap. 10.1 blir tilføya ein ny strategi som lyder: «Følgje opp Regional plan for vannregion Vestviken».</p> <p>Kap. 10.3, følgjande strategi blir endra til: «Samfunnstryggleik og klimatilpassning skal definerast i ROS-analyser og ha fokus i alle planprosessar»</p>
<p><b>Golsfjellet utmarkslag BA</b> Meiner høyringsdokumentet er eit godt utgangspunkt som eit overordna styringsdokument. Viktig at det ikkje blir for detaljert, men har eit overordna- strategisk perspektiv. Utmarkslaget legg vekt på at samspelet mellom kommune og næringslivet dei siste 10 åra har medvirka til ei positiv utvikling og optimisme.</p> <p><u>Visjon 2030</u> Synes intensjonen til forslag til visjon og forteljinga om Gol er god, men spør om visjonen kan formulerast slik at den uttrykker meir presist kva ein vil oppnå?</p> <p><u>Kommuneøkonomi</u> Meiner ein kunne ha lagt inn ein litt breiare risikovurdering med kva konsekvenser kommuneøkonomi og lånegjeld kan få for Gol.</p> <p><u>Miljø, klima og samfunnstrykkleik</u> Meiner målet om 40% reduksjon i klimagasser er ambisiøs og spør om de er riktig å legge mykje ressursar i måloppnåing. Som turistdestinasjon, arrangementsstad og handelssentrum ynskjer ein derimot ambisjonar retta mot forsøpling og forureining av ytre miljø, vedlikehald av bygningar, halde friluftsområder og kulturlandskap i hevd osv.</p> <p><u>Gol sin plassering regionalt og nasjonalt</u> Mål 1 og 2 er gode, men har behov for ei klargjering av kva som ligg i desse. Kva meiner ein med region, pådriver i ny kommunereform/ innovative prosessar, kva forutsetningar har Gol som vekstsenter og kor kjem veksten? Kor attraktiv er Gol som bustadkommune/behov</p>	<p>Ein visjon skal vere noko å strekkje seg etter. Samfunnsplanens kap. 2, tankar om Gol, seier i grove trekk noko om tydinga av forslag til visjon. Visjonen må ikkje bli så konkret at den blir eit mål.</p> <p>Det er i kap. 6 beskrive kommunens handlingsrom med utgangspunkt i lånegjeld og disposisjonsfond. Bør ikkje vere for detaljert.</p> <p>Målet om reduksjon i klimagassutslepp er basert på nasjonale føringar. Målet er ambisiøst, men vi veit også at det vil skje betydelege teknologiske endringar i åra som kjem, ikkje minst innan transport, som vil bidra til å nå målet. Samfunnsplanen har fleire strategiar som er viktige for å nå målet om utsleppsreduksjon, men også for andre miljø- og naturomsyn.</p> <p>Med region er det naturleg å tenke Hallingdal, men begrepet kan naturlegvis også femne om eit større omland. Gol har vedtak på at kommunen skal ta initiativ til drøftingar om ny kommunereform i regionen. Telemarksforskning har tidligare kåra Gol som ein attraktiv</p>

for bustader og kva aldersgruppe er den primære målgruppa for Gol?

«Gol skal være det viktigaste knutepunktet mellom aust- og vestlandet»- kva ynskjer ein å oppnå og tilby, kva vil strategiar for veg og jernbane gje av utfordringar og muligheiter, og kva rammer og strukturar må kommunen legge til rette for å nå dette målet?

#### Næring og arbeidsplassar

Måla er gode, men utfordringane kan til dels gje inntrykk av at ein har mista samanhengen med strategiane. Meiner at ein bør ha fokus på detaljhandel, reiseliv og næringar relatert til fritidsbustader. Synes kanskje ein legg unødvendig press på seg sjølv ved å ha mål om å utvikle ein større attraksjon/fyrtårn i perioden utan at det er definert kva dette skal vere.

Konkret stiller ein spørsmål om kva ein legg i berekraftig og konsentrert hyttebygging. Meiner det bør leggest til rette for at nye og eksisterande hyttefelt kan ha ei fortetting med tomter på 5-600m<sup>2</sup>.

Verksemder på Golsfjellet må i hovudsak sjølv sørge for eigen infrastruktur, vedlikehald samt etablering og vedlikehald av fellestiltak, medan sentrumsnære bedrifter har tilgang til offentlig infrastruktur. Meiner kommunen må ta stilling til sin rolle og klargjere og forplikte seg i forhold til verksemd og utvikling på Golsfjellet.

#### Landbruk

Slutter seg til strategiane som har betydning for landbruk og nærings bidreg gjerne til å konkretisere ytterligare. Det må blant anna utgreiast satsingsområder som kan legge til rette for tilskot og støttordningar, mellom anna Innovasjon Norge etc.

bustadkommune. Geografisk plassering og godt utval i ulike bustadformer er sentralt. Det viktigaste er å få yngre, gjerne barnefamilier til å etablere seg i kommunen.

Nasjonal transportplan, NTP, legg opp til store samferdselsløft som vil ha stor innverknad for vår region og ikkje minst Gol. Utbyggingar på veg og jernbane vil gje Hallingdal nye muligheiter, men også utfordringar. Dette er omtalt som ein av hovudutfordringane i samfunnsdelen.

I høringsforslaget har ein prøvd å rette fokus på ein del utfordringar, ikkje alle. Utfordringar, mål og strategiar skal ha ein rød tråd, men i eit overordna dokument vil det nødvendigvis bli ei prioritering på kva som blir løfta fram. Samfunnsplanen har definert 3 satsingsområder som skal prioriterast, detaljhandel og reiseliv er vesentlige bidrag i dette. Målet om fyrtårn/attraksjonar skal vere inspirasjon til idear/tankar om kva dette kan bli. Kva det blir- ja det blir spennande!

I samfunnsdelen har ein valt å satse på konkrete områder i kommunen til hytte/turistformål. Dette for å begrense arealbruken og legge til rette for tettare utnytting. Dette er strategiar som gjev føringar for kommuneplanens arealdel.

Dette er naturlegvis eit tema som er meir ein næringspolitisk diskusjon. Kommunens rammevilkår vil endre seg, og det vil vere uheldig om kommunen bind seg til rammevilkår og plikter i samfunnsplanen. Kommuneplanens arealdel og næringsplan for Gol vil vere prosessar der dette høyrer heime.

Dette er tema som også kan inngå i revideringa av næringsplan.

#### **Oppsummering**

Det er ikkje føreslått endringar i plandokumentet som følgje av uttala, men innspela og tankane kan takast med vidare i tiltaksprosessane for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar. Vil også vere eit konstruktivt bidrag til revidering av næringsplan.



### **Visit Golsfjellet BA**

Er nøgd med planens struktur og omfang og at den vil bli praktisk å nytte.

#### Visjon

Synes forslag til visjon er konkret, men ein kan få ei kjensle av at den gjeld Gol tettstad åleine og at den ikkje dekkjer alle geografiske områder i kommunen. Visjonen tek ikkje globaliseringa og den sterke makrotrenden på alvor, ein etter måten lite salbar visjon for ei heilskapleg og visjonær kommune.

#### Tankar om Gol i 2030

Besøksnæringane, dvs. overnatting, servering, aktivitet/underhaldning, kultur og handel og vil vere den viktigaste drivaren for å nå målet om 250 nye arbeidsplassar i Gol innan 2030.

#### Gol sin plassering regionalt og nasjonalt

Strategien «bustadutbygging der det er krav om reguleringsplan skal skje i Gol tettstad» bør slettast eller omformulerast. Meiner denne ikkje fremma målet om nye arbeidsplassar.

Meiner at strategien om at «detaljhandel skal skje innanfor definert sentrumsområde» kan oppfattast som at det ikkje er anledning for innovative og interesserte gardsbutikker, stølsutsalg etc. som besøksnæring.

Er samde i strategiane om samferdsel, men meiner at økonomiske trendar vil endre transportmønsteret og samfunnsutviklinga. Reiselivet på Golsfjellet er avhengig av persontransport mellom arbeidsplassar i fjellområda og bustad i sentrum. Gode kollektive samferdselsruter til/frå Valdres via Golsfjellet er viktig.

#### Næring og arbeidsplassar

Gjer merksam på at det i tillegg til Hallingdal næringshage finns fleire nasjonale program og at kommunen bør arbeide for fleire klynger uavhengig av selskap.

Strategien «Golsfjellet og Skarahøgdi er satsingsområder for reiseliv med tett hyttebygging og tilrettelegging for fellesgoder, løypenett og andre aktivitetar» tek for seg

Viser her til kommentar til uttalen frå Golsfjellet utmarkslag. I visjonen står det «Gol» og det er heile Gol. Både måla og strategiane er relativt få, men femner likevel over eit vidt spekter som har betydning for heile kommunen, uansett kor ein held til. Gol sin sentrale plassering er noko vi må nytte for det det er verdt, naturlegvis også med blick på endra globalisering og trendar.

Det er eit stort potensiale i besøksnæringane og dette er også teke med både i «tankar om GOL» og som strategi i kap. 10.2.

Det er i dagens regelverk anledning til å fortette med inntil 3 bustadeiningar utan krav til reguleringsplan. Det er dette som er lagt til grunn i den nye samfunnsdelen og som legg føringar for kommuneplanens arealdel.

Strategien som her er nemt er mynta på arealdisponering i tettstaden og føringar for kommunedelplan Gol tettstad. Besøksnæringar som nemt i Visit Golsfjellet sin uttale er naturlegvis ikkje omfatta av denne strategien.

Det er viktig å støtte opp om kollektivtransporttilboda og utvikle lokale og regionale tilbod slik at dei er tilpassa kundegrunnlaget og behov for arbeidsreiser. I kap. 10.1 er det fleire strategiar som støttar opp om dette.

Strategien skal naturlegvis ikkje være til hinder for etablering av næringsklynger uavhengig av Hallingdal næringshage (HN), men HN har ein spesiell posisjon som er viktig å nytte godt av.

Vi ser at dette kanskje er eit litt brei formulering, men meiner likevel at den har sin hensikt. Ordet reiseliv er nytta fordi det gjev signal om at desse to områda er prioriterte områder for

<p>hyttebygging og ikkje det kommersielle reiselivet. Meiner ordlyden <i>satsingsområde for reiseliv</i> er for breitt i denne samanheng og bør sløyfast.</p> <p><u>Andre innspel</u> Poengterer samanhengen mellom det gode liv i Gol, reiselivet og tilflytting/ arbeidsplassetablering av kreative yrke og at dette «knytast saman» i plandokumentet. Ynskjer at besøksnæringane skal samle seg om ein felles prosess for å etablere eit bærekraftig reisemål. Dette er ein delstraetgi som bør kome inn under kap. 10.2.</p>	<p>hyttebygging knytta til reiseliv. Dersom «reiseliv» blir teke bort vil mykje av hensikten med strategien falle bort.</p> <p>Samfunnsplanen har definert 3 satsingsområder som skal prioriterast. Desse heng alle saman og er avhengige av kvarandre. Viser også tidlegare kommentar om besøksnæringar, jf. strategi kap. 10.2.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Det er ikkje føreslått endringar i plandokumentet som følgje av uttala, men innspela og tankane kan takast med vidare i tiltaksprosessane for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar. Vil også vere eit konstruktivt bidrag til revidering av næringsplan.</p>
<p><b>Gol barnehage</b> Ber om at «barnehage» blir teke inn til liks med skule i kap.10.3 –i strategien «styrke forebyggande arbeid i samarbeid med skulane, politiet og heimane»</p>	<p><b>Oppsummering:</b> Kap. 10.3, nemde strategi blir endra til: «Styrke forebyggande arbeid mellom barnehage, skulane, politiet og heimane»</p>
<p><b>Visit Gol AS</b> Visjonen for Gol bør komme som eit resultat av prosessen med planen.</p> <p><u>Mål</u> Visit Gol har konsentrert seg om kap. 10.2-næring og arbeidsplassar. Dei har laga kontekst som beskriv situasjonen og moglegheit med bakgrunn i måla i høyringsdokumentet. Dei meiner at målet «Gol skal vere arrangementsstaden aust-vest» er vel ambisiøst og har forslag om at dette kan endrast til «Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdiar for lokalsamfunnet»</p> <p><u>Strategiar og tiltak</u> Det er lista opp totalt 24 strategiar og tilsaman 33 tiltak lang til måla i kap. 10.2. Det blir her vist til saksdokument nr.14.</p> <p>Strategiane omfattar tema knytta til næringsareal, handel og service, etablering av statlige og fylkeskommunale funksjonar, offentlig og privat samarbeid, styrke dialogen med næringslivet, bruk av næringsfondet,</p>	<p>Visit Gol AS har laga ei uttale som er omfattande, men konkret i forslag til målformuleringar, strategiar og tiltak.</p> <p>Konteksten er å sjå som ei forklarande tekst til det enkelte mål. Dette er beskrivingar som ein kan ta med i vidare arbeid med måloppnåing. Forslag til endra målformulering er ei litt nedtoning av eit ambisiøst mål. Dersom næringa sjølv meiner at endringa er fornuftig, er vårt forslag at ein imøtekjem dette forslaget.</p> <p>Visit Gol sine strategiar er konkrete og famnar over eit vidt spekter. Ein del av dei høyrer naturleg heime i kap.10.1 like så godt som i kap.10.2. Fleire strategiar overlappar kvarandre og har likskap med eksisterande strategiar i høyringsdokumentet. Ein del av dei vil nok også definerast meir som tiltak enn strategiar. Mange gode strategiar og handlingar som høyrer meir naturleg heime i arbeidet med revidering av</p>

<p>interesseanalyse, styrke Gol sin posisjon innanfor ulike næringskategoriar, vertskap, miljø og bærekraft, utvikling av veg og jernbane, arrangement, strategisk plan for utvikling av handel, infrastruktur etc.</p>	<p>næringsplan for Gol.</p> <p>Tiltaksdelen er eit veldig godt bidrag til vidare arbeid med næringsutvikling og som innspel til revidering av næringsplan.</p> <p>Av strategiane vil ein spesielt nemne forslaga om å «gjere godt vertskap til eit konkurransefortrinn», «gjere miljøomsyn til eit konkurransefortrinn» og «legge til rette for etablering av statlige og fylkeskommunale funksjonar». Dette er tema som i liten grad er omtalt i høyringsutkastet.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Mål i kap. 10.2 som lyder «Gol skal vere arrangementsstaden aust-vest» blir endra til «Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdier for lokalsamfunnet».</p> <p>Kap. 10.1 blir tilføya ein ny strategi som lyder: «Legge til rette for etablering av statlige og fylkeskommunale funksjonar».</p> <p>Kap. 10.2 blir tilføya ein ny strategi som lyder: «Gjere godt vertskap og miljøomsyn til eit konkurransefortrinn».</p> <p>Forslag til strategiar og tiltak frå Visit Gol er eit godt og konstruktivt bidrag til tiltaksprosessane for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar og vidare arbeid med næringsutvikling og som innspel til revidering av næringsplan.</p>
<p><b>Buskerud fylkeskommune</b></p> <p>Fylkesutvalet meiner Gol kommune har utarbeida ein god og oversiktleg samfunnsdel. Kommunen har gjort gode prioriteringar som svarer til utfordringsbilete og premissane for samfunnsutvikling i kommunen. Samfunnsdelen skal gje heilheitleg og samordna føringar for kommunens arbeid. Fylkesutvalet forventar at samfunnsdelen blir følgt opp ved rullering av kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og relevante temaplanar.</p> <p>Planforslaget har ein synlig kopling mellom utfordringar, mål og strategiar for kommunens samfunnsutvikling. Dei tre satsingsområda er samanhengande og samhandlande og kommunen gjer eit godt grep i val av</p>	<p>Fylkeskommunale/regionale og rikspolitiske planar, retningsliner og føringar er kunnskapsgrunnlag/referansar til samfunnsplanen og er viktige dokument i oppfølginga av samfunnsplanen.</p> <p>Plandokumentet blir revidert i tråd med endringane i dette vedtaket. Administrasjonen får fullmakt til å synleggjere kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen inklusivt regionale og statlige planar og retningsliner.</p> <p><i>Kommentar: Uttalen frå BFK er førebels i påvente av endeleg behandling i fylkesutvalet. Eventuelle endringar vil bli lagt fram før møte i fagutvala og formannskapet.</i></p>

<p>satsingsområder.</p> <p>Ein ber Gol kommune synleggjere kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for kommuneplanens samfunnsdel og medverknad som er gjennomført i planprosessen. Det blir her vist til gode eksempel frå andre kommunar. Det blir også vist til aktuelle regionale planer og rikspolitiske retningslinjer som legg føringar for samfunnsdelen.</p>	<p><b>Oppsummering</b></p> <p>Administrasjonen får fullmakt til å synleggjere kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen i inklusivt regionale og statlige planar og retningslinjer.</p>
--	--

Eksisterande samfunnsdel er på over 60 sider og svært omfattande og detaljert. Tendensen innen planfaget er å erstatte slike omfattande planar med relativt korte dokument med tydelig budskap. Forslaget til ny samfunnsdel for Gol er på 15 sider.

Gol kommune får mykje god omtale og tilbakemeldingar på forslag til ny samfunnsdel og dokumentets oppbygging, struktur og innhald. Ein del av uttalene er til ein viss grad utrykk for synspunkt og kommentarar/spørsmål og i mindre grad konkrete forslag til endringar. Strategiane i planen skal gje ein retning og må ikkje vere for mange og detaljerte. Dette har også vore utgangspunktet for vurderingane av dei enkelte høyringsuttalene. Mange av innspela/ kommentarane meiner vi også er godt dekkja i høyringsutgava. Forslag til endringar som er kommentert under kvar uttale er lista opp samla i framlegg til vedtak.

Undervegs i prosessen har det vore drøfta fleire alternativ til visjon for Gol fram mot 2030. Dei fleste er knytta til Gol sin sentrale plassering. I høyringsdokumentet valte ein «Gol-møteplassen mellom aust og vest». Mange vil nok spørje seg om ikkje dette berre er ei stadfesting av det vi alt er i dag. Til ein viss grad er det det, men forslaget gjev eit tydeleg signal om at kommunen skal ta posisjonen som det «viktigaste» knute- og tyngdepunktet mellom to landsdelar. Ingen andre skal kunne ta denne posisjonen. Noverande visjon er «Samarbeid formar framtida»

Andre aktuelle forslag som har vore nemt er:

- «Gol- det beste (gode) vertskap»,
- «Hjarterom og opne armar- det gode vertskap»
- «Beste (gode) vertskap mellom aust og vest»
- «Byen mellom aust- og vest»
- «Gol- opplevingar mellom aust og vest»

Ut frå ein samla vurdering vil administrasjonen tilrå at ein held fast på forslaget om «Gol- møteplassen mellom aust og vest».

#### **Rådmannen si innstilling:**

Med heimel i plan og bygningslova §11-15 blir kommuneplanens samfunnsdel for perioden 2018-2030 vedtatt med følgjande endringar:

1. Mål i kap. 10.2 som lyder «Gol skal vere arrangementsstaden aust-vest» blir endra til «Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdier for lokalsamfunnet».
2. Kap. 10.1 blir tilføya nye strategiar som lyder:

- a. «Samanhengande og urørt landskap med viktig naturmangfald og friluftsiinteresser skal skjermast mot utbygging»
  - b. «Følgje opp Regional plan for vannregion Vestviken»
  - c. «Legge til rette for etablering av statlige og fylkeskommunale funksjonar».
3. Kap. 10.2 blir tilføya ein ny strategi som lyder:
    - a. «Gjere godt vertskap og miljøomsyn til eit konkurransefortrinn».
  4. Kap. 10.3, strategar blir endra til:
    - a. «Samfunnstryggleik og klimatilpassing skal definerast i ROS-analyser og ha fokus i alle planprosessar»
    - b. «Styrke førebyggjande arbeid mellom barnehage, skulane, politiet og heimane»
  5. Inntil namnesak er avklara vil ein i samfunnsdelen nytte «Skagahøgdi» på området regulert til fritids- og turistformål i kommuneplanens arealdel.

Administrasjonen får fullmakt til å revidere plandokumentet i tråd med endringane og synleggjere kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen inklusivt regionale planar og rikspolitiske retningslinjer/føringar.

Kommuneplanens samfunnsdel skal leggest til grunn for kommunens arbeid med økonomi- og handlingsprogram fom. 2019.

Høyringsuttalene har mange gode innspel som kan takast med vidare i tiltaksprosessane og handlingsdelen for å oppfylle samfunnsplanens mål og strategiar. Dei kan også nyttast i vidare arbeid med revidering av næringsplan for Gol med tilhøyrande handlingsdel.

Underskrift

Hege Mørk  
Rådmann

Svein Eide  
kommunalsjef